



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/536 - 19/37663

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.12.2019

Ferdigattest - gbnr 141/77 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 773/19

Tiltakshavar: Geir Ove Øksnes
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.04.2018 og 28.06.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Kommunen legg mottatt avfallsplan til grunn og føreset at alt avfall er levert til godkjend mottak. Vi gjer merksam på at det er ansvarleg søkjar sitt ansvar å sjå til at det ligg føre ein plan for avfallshandtering og miljøsanering, jf. SAK 10 § 12-2.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.11.2019 med tilleggskontroll mottatt 09.12.2019.

Skildring

Adresse:	Stølhaugane 19 A og 19 B
Bygningstiltak:	Einestad med sekundærhusvære. Bygn. nr. 300693782 Bruksareal 276 m ² Garasje. Bygn. nr. 300693785 Bruksareal 49 m ²
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	2



VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad og garasje på gbnr 141/77.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/536

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Audhild Øksnes	Stølhaugane 19 A	5911	ALVERSUND
Geir Ove Øksnes	Stølhaugane 19 A	5911	ALVERSUND
Geir Ove Øksnes	Stølhaugane 19 A	5911	ALVERSUND
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
-----------------	-----------------	------	----------